



Johan Luis Mjøs
Svehaugane 6A
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2277 - 14/20794

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
17.09.2014

Trong for meir tilleggsinformasjon i saka - gbnr 108/302 Lindås

Kommunen viser til dykkar søknad frå 28.06.2014, søknad om dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg 10.03.2014 og sist dykkar innsendte materiale datert 09.09.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden, inkludert materialet som ble sendt inn 09.09.2014, og finn at den framleis ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

SVAR PÅ DYKKAR BREV FRÅ 09.09.2014

(Utdrag frå dykkar brev er framheva i kursiv.)

1. *«Eg ber om at dato for nabovarsel og klage på vedtak blir sjekka. Her skriv Tor Vabø under på samtykke i nabovarsel 28.06-14 saman med kone og klagar på dette i ettertid, ber om at klagen ikkje tas til etterretning, sidan det er ikkje riktig å endre meining etter samtykke foreligg.»*

Svar: Det er riktig at Tor Vabø signerte 28.06.2014 på at han samtykkjer til tiltaket på skjemaet «Kvittering for nabovarsel». Vi ser også at dykkar søknad er kommen inn til kommunen 28.06.2014, og at nabo Tor Vabø's merknad, som er datert 06.07.2014, ikkje kunne ha vore sendt inn saman med søknaden. Men sjølv om ein samtykkjer skriftleg, har ein likevel 2 vekers frist på seg frå ein mottok nabovarselet til å komme med merknader, om ein skulle endre meining, jf pbl § 21-3. Denne nabomerknaden skulle difor ha vore ettersendt frå tiltakshavar til kommunen, saman med dine eventuelle kommentarar.

2. *«Terrassen ligg innanfor platting 0,2m og er ikkje søknadspliktig, eg veit og at nye forskrifter i pl og bl-lov er på høring og at skjermveggar inntil 5 m lang og 1,8m høg i nabogrense kan bli godkjent den 16 oktober utan nokon søknad.»*

Svar: Det stemmer at denne terrassen ikkje er søknadspliktig så lenge den er i samsvar med plan. Når det gjeld dei nye føresegna du viser til, stiller vi spørsmål ved kva forskrifter som skal gjelde frå 16. oktober. Leveggar er unntatt søknadsplikt, forutsatt at dei er i tråd med gjeldande regelverk. Det kan ikkje førast opp



noko nærmare nabogrense enn 4 meter eller i strid med byggegrensa utan løyve frå kommunen, jf. byggesakforskrifta § 4-1, jf. pbl § 29-4.

3. «Med tanke på punkt 7 så er det rikelig med parkering og om carporten blir godkjent får eg også garasje, her er rikelig med snuplass på eige grunn, om det over utnyttelse grad så ber eg om å sjå bort frå carporten. Og eg set opp mur / stakittgjerde i staden.»

Svar: Det må synast på situasjonskart eller anna planteikning at krava i reguleringsplanen let seg gjennomføre, og at det er mogleg å snu bilar inne på eigedommen samstundes som det står bilar parkert her, jf. Kommuneplanen punkt 1.16.

Når det gjeld grad av utnytting, vil det at carporten eventuelt tas ut av søknaden ikkje føre til krav om søknad om dispensasjon frå punkt 2 i reguleringsføresegnene.

4. «Eg tok kopi av teiningar sendt inn målsatt i a3, dette får eg berre inn i a4 ark på min printar. Eg etterlyser papirene på kommunen for her vart det gjeve fleire vedlegg i søknad.»

Svar: Det stemmer at vi tok imot dei teikningane du sendte 09.09.2014 også saman med søknaden 28.06.2014. Dei syner ikkje all naudsynt informasjon, difor ba vi om utfyllande teikningsinformasjon, sjå det vi konkret etterspør i brevet vårt frå 09.09.2014, punkt 1, 5 og 6. Disse punkta gjeld framleis.

Vidare sakshandsaming

Vi ber framleis om at søknaden vert supplert med dokumentasjonen vi ba om i vårt brev datert 09.09.2014. Informasjonen vi har motteke oppfyller ikkje krava vi etterspør. Vi viser til fristen som er satt, og ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 15.10.2014**. Dersom den etterspurte informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming og avslutta.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Johan Luis Mjøs

Svehaugane 6A 5955

LINDÅS